

# ÅRSPLAN FOR 2019/2020



## **Innleiing**

«Barnehagens samfunnsmandat er i samarbeid og forståelse med heimen, ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Rammepleanen peikar på at vi må tydeliggjøre progresjon innanfor omsorg, leik, danning og læring. Dette er eit arbeid vi startar med i haust, og vil seinare bli supplert i årsplanen.

## **1. Innhald:**

### **Presentasjon av barnehagen**

Breidablikk kulturbarnehage består av tre avdelingar, og er etter dagens forhold ein liten barnehage. Dette gjer seg utslag i eit trygt miljø der alle kjenner alle. Breidablikk består av eit gammalt og eit nytt bygg, der den gamle delen vart bygd som framhaldsskule i 1912. Frå 1992 vart det nytta som barnehage, og seinare utvida med eit nytt tilbygg. Det gamle bygget bidreg til å gje barnehagen sjarm og eigenart.

I år vil vi ha 3 avdelingar, Blokksberg og Soria Moria på hovedhuset, her er barna 3-6 år. Trollhaugen har barna i alderen 0-3 år. Trollhaugen held til i eit eige hus, tvers over leikeplassen vår.

Vi har felles uteleikeplass.

### **Barnehagens visjon**

**Me vil – og skal få det enda betre til  
KUNST – KULTUR – KREATIVITET  
det beste me veit!**

### **Eigenart/profil**

Breidablikk har valt å profilere seg som kulturbarnehage. Dette inneber eit spesielt fokus på dei estetiske fagområda musikk, forming og drama. Arbeidet kjem til uttrykk gjennom blant anna førestillingar og utstillingar. Kulturbarnehageprofilen skal også gjennomsyre kvardagen gjennom leik og aktiviteter. Breidablikk ynskjer å gje eit unikt tilbod, skilja seg ut, og skape sitt eige «univers» som kulturbarnehage.

## **2. Barnehagens verdigrunnlag:**

### **Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg**

Barnehagens personale er yrkesetisk forplikta til å handle omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Ein omsorgsfull relasjon skal være prega av trygghet, innleving, sensitivitet, nærleik, og evne til samspel. Omsorga skal prega alle situasjonar i kvardagen og komme til uttrykk i både leik og læring, i måltid, stell og påkledning.

Å være gode omsorgspersoner er personalets viktigaste oppgåve. God omsorg styrkjer barns forutsetningar for å utvikle tillit til både seg sjølv og andre, skape gode relasjonar, og til gradvis å ta større ansvar for seg sjølv og fellesskapet. Å gi barn moglegheit til både gi og ta imot omsorg er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, og er et viktig bidrag til et livslangt læringsperspektiv.

I Breidablikk arbeider vi for å være gode, trygge og sensitive rollemodeller.

### **Barnehagen skal ivareta barns behov for lek**

Leik kjennemerker barndommen vår. Barn leiker fordi leiken er nødvendig for å vekse og utvikle seg. Leik er ein frivillig aktivitet som barna sjølve vel å delta i. Det er ein tilstand det er fint å vera i, samtidig som det er barnet som har kontroll over sin medverking i leiken, og tar ansvar for den. Leik er ikkje berre lek – leik gjer glede og er lystbetont samtidig som den er barns viktigaste arena for læring. Leik er læring, og barnehagens helt sentrale arbeidsmetode.

I Breidablikk skal leiken være i fokus. Me ynskjer å tilby spennande og kreative rom som innbyr til leik. Å ha evne til å være i endring i takt med barnas interesser for å skape nye og skiftande rom for leik og kreativitet er viktig for barnas motivasjon og leikelyst. Målet er å skapa gode stemningar og

«magi» som ramme for leiken. Eitengasjert og motivert personale som inspirerer og bidreg til leik er nødvendig for å lukkast med dette. Barna vert jamleg tatt med på råd for å bidra til val av nytt leikemateriell og nye tema for leik. Slik ivaretek barnehagen barnas medbestemmelse i leiken.

I tillegg til barnas frie leik, praktiserer barnehagen også organiserte leikegrupper. Dette er blant anna eit viktig tiltak for å sikra at barn som av ulike grunner fell utanfor leiken får hjelp til å delta i leik.



### **Barnehagen skal fremme danning**

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over egne handlingar og væremåtar. Forutsetningar for barnets danning i barnehagen, er gjensidige samhandlingsprosesser med barn og vaksne i leik og læring og omsynet til kvarandre.

I Breidablikk arbeider vi kontinuerlig med å være gode rollemodeller for barna, slik at barna kan lære seg å bli gode rollemodeller for kvarandre. Gjennom samhandling vert barna utfordra til å mestre balansen mellom sjølvhevding og å ta omsyn til andre sine behov.

Vi ynskjer at barna gjennom gode dannelsingsprosesser skal få styrka sin sjølvfølelse og sjå på seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Danning i barnehagen har som mål å utvikle sjølvstendighet og tryggleik på seg sjølv som individ og egen personlige og kulturelle identitet.

### **Barnehagen skal fremme læring**

Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Dette dannar grunnlaget for det heilhetlege læringssynet barnehagen arbeider ut frå. Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet, og er nært samanvevd med leik, omsorg og danning.

Personalet må ha eit aktivt og bevisst forhold til barns læringsprosesser. Mens nokre barn stadig oppsøker lærings situasjonar på eige initiativ, vil andre barn sjeldnare oppsøke slike situasjonar, og da i langt mindre grad få kommunisert sine interesser. Barnehagen skal styrke barns læring gjennom både formelle og uformelle lærings situasjonar, og samtidig ta omsyn til det enkelte barns behov. Læring vil være prega av kvaliteten på samspelet mellom barn og personale.

I Breidablikk vil vi bidra til læring gjennom å gje rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og mestringsopplevingar. Vi ser det som spesielt viktig å hjelpe barnet med å setje ord på kjensler, opplevingar og aktiviteter i løpet av barnehagekvardagen.

### 3. Årets fokusområder frå Kvalitetsplan for barnehagen:

«Eit godt språkmiljø for alle»

I kvalitetsplanen for Hå står det:

«Barnehagen er ein sentral arena for utvikling av språk, kultur og identitet. Språket er ein føresetning for utvikling av vennskap og deltaking i fellesskapet. Barn si språkutvikling heng nøye saman med kvaliteten av det språkmiljøet dei er ein del av. Eit rikt språkmiljø byggjer på kompetente tilsette som forstår barna sine ulike uttrykksmønster, som kan gje støtte og utfordre barna til vidare utvikling.

Språket som kommunikasjonsmiddel er eit reiskap for tenking og uttrykk for eigne tankar og følelsar. Barnehagen skal ha kompetanse på å observere, dokumentere og vurdere språkmiljøet til det enkelte barn og til barnehagegruppa.»

Prosessmål:

- Ha kompetanse på ikkje-verbal kommunikasjon i møte med dei yngste barna
- Ha kompetanse på barn si kommunikasjons og språkutvikling
- Systematisk bruk av observasjonsmateriellet og kartleggingsverktøyet TRAS
- Fange opp språkvanskar og kjenne til alternative kommunikasjonsformer



#### 4. Mål for gode språkmiljø:

«Vi gjør noe, vi gjør noe sammen og vi snakker sammen!»

##### Barn skal oppleve gode samspill

- Barnet tar sjølv initiativ til kontakt med barn og voksne på ein positiv måte.
- Barnet har felles fokus og deltar i enkel turtaking over tid.

Vi uttrykkjer oss på ulike måtar, verbalt, kroppsleg, gjennom teikn og mykje meir. Vi i Breidablikk vil dette barnehageåret bruke mykje song og musikk i språkstimuleringa i barnehagen.

Rammeplan for barnehagen seier:

«Barnehagen skal bidra til at barna leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord, og at personalet skal oppmuntre borna til å gjere det.» (R17, s. 48).

Musikk er dessutan eit verdsspråk, og det gjer at alle kan delta, uansett språkleg bakgrunn.

Musikk handlar om leik, song, rørsle, lytting, utforsking og bruk av rytmeinstrument.

Musikk og språk har nokre fellestrekk. Både når vi snakkar og når vi syng, ordnar vi uttrykket gjennom dynamikk, rytme, artikulasjon og form. Vi justerer tempoet og tonehøgda alt etter kva vi vil formidle og kva kjensle vi vil uttrykkje.

Å syngje handlar om å bruke språket til noko som vert opplevd som meiningsfullt og med eit føremål; vi vil fortelje noko med musikken, orda og rørsle. Når vi syng songar med tekst, øver vi på språk utan å tenkje over det.

Ved å stimulere born si musikalske utvikling legg vi til rette for språkleg utvikling, og i andre omgang for lese- og skrivelæring. Gode fellesopplevingar i ein leikande atmosfære, saman med bevisste og engasjerte voksne, er vesentlege premisser for språklæring.

Forutan mykje song vil vi bruka «Tambar bøkene» gjennom heile barnehageåret. Bøkene er skrevet av Tor Åge Bringsværd. Desse bøkene har humor og eit godt budskap. Han har dei same verdiane som oss bl.a. mangfold og toleranse, dette er særst viktig i vår barnehage der vi er unike og ulike.

I ein mail til oss seier forfattaren:

«Budskapet i bøkene er naturlegvis toleranse. Toleranse overfor andre mennesker og andre meninger. Ønsket om at vi må kunne godta hverandre og leve sammen, uansett hvor forskjellige vi synes å være ved første øyeblikk. For ved andre eller tredje øyeblikk, så vil vi kanskje merke at ulikhetene slett ikke er så store som vi tror, og kanskje er vi til syvende og sist egentlig ganske like...

Hvis Tambar bøkene kan brukes i arbeidet med å forklare barn hvor viktig det er å slippe mennesker med annen bakgrunn, annen tro og annen hudfarge inn i livene våre, så blir jeg glad. (integrering)  
At bøkene også handler om vennskap og trofasthet og ærlighet sier seg selv, håper jeg.»



Alt dette er viktige ting å ta med seg og vi håper at både leseglede og gode verdier vil nå fram til alle her i Breidablikk

## **NMT (Norsk med tegnstøtte)**

I Breidablikk vil vi bruke NMT og ved å ta i bruk dette i barnehagen vil det styrke alle barn og alle kan kommunisere med kvarandre.

NMT er ein måte å støtte norsk tale med bruk av tegn.

Her brukas talespråk kombinert med enkelttegn, mimikk og kroppsspråk. NMT er ikkje eit sjølvstendig språk, men ein alternativ kommunikasjonsstrategi.

NMT stimulerer både hørselen (gjennom tale) og synssansen (gjennom tegn, mimikk og kroppsspråk).

Dette kan være ei støtte i begrepsinnlæringen for barn og unge som kan høyre noko talespråk.

Barn og unge med normal hørsel, men med ulike typer av kommunikasjonsvansker, kan også ha utbytte av NMT.

## **5. Medverking:**

### **Barn**

Barnehagen skal ivareta barns rett til medverking ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige verksamhet.

I Breidablikk sett vi dette på dagsordenen blant anna gjennom faste barnesamtalar. Vi har fokus på å lytte til barna og ta omsyn til deira ynskjer i løpet av barnehagekvardagen i samsvar med deira alder og modenheit.

### **Foreldresamarbeid**

Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette.

Samarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til det enkelte barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

På individnivå dannar kommunikasjonen i det daglige, i hente- og bringesituasjonen, det viktigaste grunnlaget for et godt foreldresamarbeid.

I tillegg praktiserer vi jevnlege foreldresamtalar og brukarundersøkingar.

## **6. Overganger:**

### **Når barnet begynner i barnehagen**

Ein god tilvenning i barnehagen er viktig for at barnet skal få ein best mulig start i sin nye kvardag. Ein mjuk start gir eit godt grunnlag for ein god barnehagekvardag. I forkant av oppstart har vi ein «bli kjent dag» som familien kan nytta seg av. Då møter barnet både dei vaksne og det fysiske miljøet dei skal forholde seg til.

Forutan gir vi tilbod om ein dag pr. veke 3 dagar i juni måned der familien kan koma å vera saman med oss i barnehagen ein times tid.

Vi anbefaler også at barnet få utforske barnehagens uteområde både i og utanom opningstida.

Ein av dei viktigaste oppgåvene barnehagen har, er å organisere tilvenninga slik at barnet kan utvikle ein trygg tilknytning til ein ny vaksen – vi kallar den ein primærkontakt.

I den første tida i barnehagen er det vanlig at barnet og foreldra får ein vaksen å forholde seg til. Dette gjer vi for å skape trygghet og tilknytning mellom barnet og barnehagen.

Meir om tilvenning finn du på nettsida vår.



## **Overgangsobjekt**

Dette er gjenstandar som barna har ei følelsesmessig tilknytning til og kan hjelpe barna å beherske foreldrenes fråvær og verkar trøystande og beroligande. Eksempel på dette er: klutar, kosebamsar, bilde eller liknande, og dei kan bli viktige for barna i leggestunder eller som forsvar mot redsel og depresjon.

## **Overgangar innad i barnehagen**

Dei yngste barna held me litt avskilt frå barna over 3 år. Trygghet, nærhet og sensitiv omsorg er det første steget på vegen for å fremme et godt læringsmiljø for de yngste barna i barnehagen. Etter kvar som dei er tryggare introduserer vi dei yngste for dei eldste barna. Gradvis blir vi kjende med kvarandre og vi har fleire og fleire fellessamlingar og aktivitetar saman.

Vi har overgangssamtale mellom liten og stor avdeling. Utveksle kunnskap og informasjon er viktig for å skape ein trygg og god start for barnet som starter på stor avdeling.

Heile året jobbar vi med fellesskap på tvers av huset.

I tida før sommaren og overgang frå liten til stor avdeling, har vi en ekstra «trøkk» på dette.

## **Overgangen mellom barnehage og skule**

Skulen invitere «skulebarna» til den skulen dei skal begynna på. 4 gonger i løpet av våren besøker barna sin skule.

## **7. Samarbeid :**

### **Samarbeid internt i barnehagen**

I Breidablikk har vi ein heilheitleg tankegang. Vi løfter kvarandre opp og bruker kvarandre sine sterke sider. Vi jobbar på kryss og tvers og gjer kvarandre gode. Vi er stadig i utvikling, følgjer med i tida for å utvikla oss og for å sikra kvaliteten.

Vi har samarbeidsmøter avdelingsvis og pedagogmøter ein gong pr. veke. Forutan personalmøter ein gong i månaden og fem planleggingsdagane i løpet av barnehageåret.

### **Samarbeid med eksterne instansar**

Vi har eit nært samarbeid med fleire instansar.

Som kulturbarnehage vil det vera naturleg for oss å samarbeida med:

- Jærmuseet
- Hå gamle Prestegard
- Hå kulturskule
- Jadarheim
- Nærbø idrettslag
- Hå bibliotek
- Hå vedlikehaldsverkstad

Bedrifter i heile Nærbø handelsstand blir flittig nytta alt etter kva tema som står på programmet.

For at barn og foreldre skal få eit mest mogleg heilheitleg tilbod til beste for barns oppvekst og utvikling, krev det at barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar i kommunen. Breidablikk kulturbarnehage samarbeider med følgjande instansar:

- Barnevernet
- Helsestasjonen
- PPT-kontoret
- Ressurstemet
- Familiesenteret

## **8. Vurdering:**

Vurdering av barnehagens arbeid er viktig for å sikre god kvalitet.

Vurdering skal danne grunnlaget for planlegging og utvikling og skal føregå kontinuerlig og etter ein har gjennomført planer og aktivitetar. Hensikta med vurdering er at vi skal sjå kva som fungerer og justere det som fungerer dårlig. Vi kan heile tida bli betre til å utvikle barnehagens innhald og arbeidsmetodar.

Barn og foreldre skal få si sin mening om kva dei synes er viktig å vektlegge i barnehagen.

Dette gjerres gjennom observasjonar, samtalar, spørreskjema og den daglige kontakten vi har med foreldrene.

Personalet skal vurdere aktivitetar og reflektere over eige samspel med barna.



**BREIDABLIKK KULTURBARNEHAGE**  
**Å R S H J U L 2019/2020**

<b>August</b>	<p>Oppstart og tilvenning av nye barn.            14/8 Siste dag i barnehagen for førskulebarna            15/8 Planleggingsdag – stengt i barnehagen            16/8 Flytte barn over på ny avdeling + nye barn begynner            Veke 35 Oppstartsamtaler for nye barn</p>
<b>September</b>	<p>Veke 36 Oppstartsamtaler for nye barn            Veke 36 Brannvernveke – besøke brannstasjonen 6/9            13/9 Frist for innlevering av haustferien            19/9 Foreldremøte kl. 19.00 – 20.30</p>
<b>Oktober</b>	<p>Veke 40 Verdensdagen for psykisk helse «Gi tid»            Veke 41 Skulen har haustferie (7. – 11. oktober)            24/9 FN dagen</p>
<b>November</b>	<p>15/11 Planleggingsdag – stengt i barnehagen</p>
<b>Desember</b>	<p>6/12 Frist for innlevering av julelappen/juleferien            13/12 Lucia            11/12? Frelsesarmeen kjem på besøk            18/12 Besteforeldrekaffe</p>
<b>Januar</b>	<p>Første barnehagedag etter juleferien er torsdag 2/1</p>
<b>Februar</b>	<p>6/2 Samefolkets dag            21/2 Karneval            Veke 9 Skulen har vinterferie (24.02-28.02.)</p>
<b>Mars</b>	<p>18/3 Foreldremøte kl. 19.00 – 20.30</p>
<b>April</b>	<p>8/4 Barnehagen stenger kl. 12.00            Veke 15 Påskeferie (9.-13. april)            14/4 Planleggingsdag – stengt i barnehagen</p>
<b>Mai</b>	<p>1/5 (Off. fridag)            7/5? Konsert            17/5 (Grunnlovsdag)            21/5 (Kristi himmelfartsdag)            22/5 Planleggingsdag – stengt i barnehagen</p>
<b>Juni</b>	<p>2/6 Planleggingsdag – stengt i barnehagen            3/6 Foreldremøte for nye foreldre            4/6 Overnatting – skulebarna            5/6 Konsert i Nye Loen kl. 17-18 for dei eldste barna i bhg i Hå kommune            12/6? Opptre på Nærbødagen</p>